

173

Storm på kysten !

Det nærmar seg Jol -,
med myrkegrå dagar, og lite av sol -.
Sjå, marki hev fengje sin näbleike lit,
men snökaven fargar ho drivande kvit - - !
Og stormen han illkvin kring husnov og nes:
Å du ! Kor det blæs !

Å, Huttemeg tu !
Det er ikkje greidt utmed havet å bu,
der storbåra vaskar om holmar og berg -
med bröl, som kan gå deg til bein og til murg -,
og stormen kan föykja ein saltskoddesturt
på milevis burt - - !

Det rykkjer og riv - -,
og uler og buldrar so sjöroket driv
mot veggjer og tak på kvart einaste hus,
og prøver å velta det heile i grus,
når stormråsa rin under oskegrå kvelv
so grunnane skjelv !

Kvar vert det vel av
dei kjære som stirr mot det stormande hav ?
Dei drog til sitt yrke her tileg i dag,
og storstormen kom i eit rasande jag - !
No angsten og spursmålet melder seg hardt :
"Å, kjem dei 'kje snart ?

På haugar og nes
står lydar og ventar, når vinden han blæs:
"Se, høyrer me ikkje ein dur av motor
der ute ved innlaupet - vege dei for - ?
Å, kom han no - båten - den velkjende leid!"
Dei lydet - men nei - !

Langs heile vår kyst
stig otten - i storm - i kvart einaste bryst,
hjå alle som hev sine kjære på hav,
med berre eit bord millom seg og si grav.
Og bönene stig i frå stova og bud:
"Å, berga dei, Gud !

Johs. M. L. Rydland.